Innsendt: 31.08.2024 21:37

Ref.nr: ZPVMAU

NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: https://www.nve.no

# Innsending av høringsuttalelse

## Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:
NVEs hjemmeside

Fortsett med høringsutalelsen

☒ Ja

## Personopplysninger

Navn

ALF N MEDHUS

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

☐ Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

## Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

| NVEs saksnr.: | Sakstittel |
|---|---|
| 201913014 | Revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldalsvassdragene |

## Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Feilen vart gjort då Hydro/Lyse i 2021fekk tildelt konsesjon på evig tid, det burde vore ein tidsbegrensa leigeavtale, slik at Staten hadde kontroll på verdiane sine. Det vitnar rett og slett om tjenesteforsømmelse overfor det norske folk.

Så skal ein no foreta ein vilkårsrevisjon i staden for full konsesjon, dette er etter som eg har forstått noko heilt anna å forhandla om enn ein konsesjon.

Hydro har sidan den fyrste konsesjonen som vart gitt i 1962, stort sett kvitta seg med alt
som dei ikkje tener penger på (Samfunnshus, badebasseng, vannforsyning, boligfelt, vegar etc.)

«Alt vedlikehold er for framtiden ekspropianten uvedkommende»

Dette er ein setning som går igjen i konsesjonen frå 1962, og det virkar som at den ligg til grunn for det meste når Hydro/Lyse evt. Skal inngå avtalar.

Etter at heimfallsretten i praksis er pulverisert, så unngikk Hydro heimfall på anlegget, og fekk i staden ein eventyrleg avtale, der dei fekk overta anlegget gratis til evig tid på same konsesjonsvilkåra som i 1962. Utruleg, men dessverre pr. I dag ein realitet.

Me vil ikkje ha det slik at me og komande generasjonar må søkja og tigga for kvar minste ting, og at den som sit med konsesjonen skal sitja med all makt.

Dersom Suldal og Ullensvang kommune, samt me som innbyggarar ikkje kan få evigvarande avtalar som fylgjer konsesjonen så er dei i praksis verdilause.

Næringsfond er eit av mange viktige punkt, som må styrkast betydeleg.

Det må vera eit minstekrav at evt. avtalar skal fylgja konsesjonen, dvs. Til evig tid.

Helsing

Alf Medhus

Røldal 31.08.2024

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant inforamsjon

Vedlegg bilder